

Høgspenline og bompengar var tema på årsmøtet i Kvamskogen Vel. Medlemene er mot begge deler.

ÅSMUND SOLDAL

– Eg nektar å betala for noko eg ikkje får nytte av, lydde ei hissig røyst frå salen då styreleiar i Kvam Bompengeselskap (KBS), Oddvar Brakestad, orienterte om prosjektet i Bergen rådhus tysdag.

– Du blir nok nøydd til å betala likevel, opplyste kvammapolitikaren, som hadde stilt seg til hogg på bortebane.

Brakestad opplyste i klartekst til bergenske hytteeigarar at ingen lyttar til dei i denne saka. KBS-prosjektet er avhengig av støtte frå grannekommunane Granvin og Samnanger – i praksis sistnemnde.

Han orienterte om innhaldet i Kvammapakken, om mandatet til bompengestyret og kvamskogtunnelen.


### Folkeaksjon

Klaus Rasmussen frå folkeaksjonen mot 420-kilovoltlina mellom Sima og Samnanger hadde ein enklare jobb. Hytteeigarane var lydhøyre då aksjonssekretæren skildra ei kraftline med tre master på minst 30 meters høgd per kilometer gjennom hytte- og turområda.

Rasmussen blidgjorde også bergensarane med forsikring om at aksjonistane unnar byen sikker tilførsle av straum. Men han bad samstundes om all mogleg støtte til å forsera arbeidet med kvamskogtunnelen. Rasmussen opplyste at sentrale byrådspolitikarar frå Bergen reiser saman med hardingane til møtet hjå hordalandsbenken i Stortinget 8. juni.

### Irriterte

Ifylgje styreleiar Erik Bjerring Hansen har Kvamskogen



Ingen reiste bust då Klaus Rasmussen orienterte om planane til folkeaksjonen mot høgspenline.

# Bomtur til Bergen

Vel støtta folkeaksjonen med 5.000 kroner fordi hytteeigarane slett ikkje vil ha fleire kraftliner i området.

Han seier at dei mest høg-røysta protestane likevel gjeld bompengplanane.

– Som bergensarar har me snart 50 år røynsle med bompengar, og me betaler gjerne når me ser nytten av prosjekta. Det gjer me ikkje i dette tilfellet. Medlemene i velforeininga er umåteleg irriterte over at dei skal betala for Kvammapakken, medan kvenningane sjølve slepp unna. Bomstasjonen må plasserast mellom Norheimsund og Øystese, seier Bjerring Hansen til HF.

Han gremmar seg meir over Kvammapakken enn over bompengane på E 16 til Voss. Men ein tunnel helsar Kvamskogen Vel velkomen. Både Brakestad og Rasmussen fekk støtteerklæringar frå salen då dei argumenterte for kvam-

skogtunnelen – med atterhald om skikkeleg brøyting over Skogen.

### Prinsipp

Brakestad hausta hånlatte då han hevda vegstellet har som prinsipp at innbyggjarane i ein kommune ikkje skal betala bompengar for å koma til sentrum.

– Om dette er rett, gjeld regelen i alle fall enno ikkje i Bergen, konkluderer velformannen.

KBS-leiaren slo tilbake med at trafikken til fritidseigedomane på Kvamskogen berre vil gje 18 millionar i bomkassa, men at området kjem til å få 25 millionar attende i form av trafikkinvesteringar.

I nokre innlegg frå salen vart det hevda at tryggleiken er dårleg for mjuke trafikantar på Kvamskogen. Dei meinte farten må setjast ned – i alle høve om vinteren. Bjerring

Hansen seier styret støttar dette synet.

– Det er bortkasta pengar å byggja gang- og sykkelstiar, for det er ingen problem om sommaren. Det er om vinteren det røyner på langs vegen. Skibruer over riksvegen vil ikkje løysa problemet, hevdar han.

Kvamskogen Vel har freista å få Kvam herad, Statens vegvesen og Kvam lensmannskontor med på nedsett fartsgrense, men vert møtt med ei kald skulder. Bøna om veglys har heller ikkje resultert i noko, oppsummerer han. Han har ikkje tru på at KBS kan gå i brodden for ynskja som medlemene ytra på møtet.

### Protest

Bjerring Hansen seier til HF at velforeininga kjenner seg provosert av haldningane til KBS.

– Særleg det at kvenninga-

## Bed om meir pengar

Kvam Bompengeselskap AS bed Kvam herad om 300.000 nye kroner. Tilboda om utgreiing av kvamskogtunnelen varierer frå 350.000 til 700.000 kroner.

– Grunna rask framdrift for arbeidet må vedtak for ny løyving fattast snarast. Styret kan ikkje inngå nye avtalar før vedtak om ny løyving føreligg, skriv styreleiar Oddvar Brakestad til rådmannen.

Aksjekapitalen er redusert frå 300.000 kroner til 98.259 kroner, før moglegheitsstuden av kvamskogtunnelen til 35.000 kroner er betalt.

ne skal sleppa gratis, er som å vifta med ein raud klut framfor ein stut, påstår han.

Leiaren er talsperson for 675 hytteiegjarar. Han meiner velforeininga er så viktig at det bør kvalifisera til plass i bompengestyret. Han seier det er illustrerande for kvemmingane si haldning til Kvamskogen at dei ser på staden som eit viktig næringsområde.

– Det provoserer oss at vårt rekreasjonsområde og våre eigedomar får dette stempelet. Administrasjonen i Kvam herad har forstått det og har ei edrueleg haldning, men politikarane handlar oftast annleis. Det har kome nok hytter på Skogen, konkluderer styreleiar.